



Skalldyraften har vore ein stor suksess denne sommaren, også med godt besøk frå heile kommunen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Arbeidsgruppa for kultur, turisme og informasjon i Uskedalen Utvikling minnar om oppsummeringsmøtet tysdag klokka 20 på Systrene Nilsen. Morten Nilsen og eigarane av restauranten vert med på møtet og vil gje ein oppsummering av sommar drifta.

Elles får vi veta om trafikken i båthamnane og på campingen, fiske i Uskedalselva, overnatting og låvedansar.

Viidare om handel, informasjon og profilering, fjellklatring og turar i fjellet

Det blir og innlegg frå nokre av dei faste feriegjestene i Uskedalen.

For 2012 blir det orientert om Festidalen og kva vi elles må førebu og gjera betre til neste år.

Møtet er ope for alle, privatpersonar, næringsdrivande og representantar frå lag og organisasjonar og det er viktig med godt frammøte.